



Klostridieinfeksjonar – ei mogleg utfordring om hausten

Forfatter

Åshild Øritsland Våge, Animalia

Sammendrag

Mange lam får eit opphald med intensiv føring på heimebeite om hausten før dei er klare for slakting. Denne perioden kan by på ulike problem, deriblant klostridieinfeksjonar.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2011

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Klostridieinfeksjonar – ei mogleg utfordring om hausten

Tida for å få lamma heim frå utmarksbeite nærmar seg. Mange lam får eit opphald med intensiv føring på heimebeite før dei er klare for slakting. Denne perioden kan by på ulike problem, deriblant klostridieinfeksjonar.

Klostridieinfeksjonar er eit fellesnamn for fleire alvorlege sjukdommar hos lam som skuldast ei gruppe bakteriar kalla klostridier. Klostridiane kan under rette tilhøve produsere giftstoff som fører til at dyret døy. Dei mest aktuelle klostridieinfeksjonane er pulpanyre (*Clostridium perfringens*), stivkrampe (*Clostridium tetani*) og bråsott (*Clostridium septicum*).

Klostridiane er bakteriar som finst naturleg i miljøet, noko som gjer at ein ikkje kan bli kvitt dei. Det finst heller inga aktuell behandling av klostridieinfeksjonar. For å få kontroll med klostridieinfeksjonane må ein difor gjera førebyggjande tiltak, der vaksiner er sær viktig. Middel mot dei vanlegaste klostridieinfeksjonane inngår alle i vaksiner som er tilgjengelege i Noreg.

Pulpanyre

Pulpanyre er den vanlegaste klostridieinfeksjonen hos lam. Den kan opptre både på vår- og haustbeite. Sjukdommen utviklar seg som regel raskt, og lamma døy utan at ein ser andre symptom. Nokre gonger kan ein sjå at dyra blir ustø, får pustevanskar, krampar og padlande rørsler med

beina. Ein sjeldan gong har sjukdommen ei meir langstrakt utvikling (hjernemargsår, FSE) der dyret får hjerneskader og kan verta blind, ustø og sløv.

Sjukdommen rammer gjerne velfødde dyr. Grunnen til dette er at klostridiane trivst når tilgangen på karbohydrot og protein er stor. Dyr med stort forinntak («greedy feeders») vil difor vera meir utsette for sjukdommen enn dyr som et mindre. Skal ein førebygge sjukdommen bør ein vera merksam på at brått førskifte disponerer, og at ein difor bør venje dyra til føret gradvis.

Stivkrampe

Stivkrampe er ein sjukdom som kan oppstå når eit sår blir infisert med bakterien *Clostridium tetani*. Bakterien trivs utan tilgang på luft, som til dømes i eit djupt stikksår. Sjukdommen kan òg oppstå etter øyremerking, navleinfeksjonar eller infeksjonar i livmora etter fødselshjelp. Som namnet tilseier vil sjuke dyr bli stive i heile kroppen, og får gjerne feber. Sjukdommen ender nesten alltid med at dyret døy. For utanom vaksiner vil hygieniske tiltak ved øyremerking og fødselshjelp kunne redusere førekomsten av stivkrampe.

Bråsott

Bråsott skuldast bakterien *Clostridium septicum*. Sjukdommen utviklar seg svært raskt, og som regel finn ein lamma daude på beite. Kadaveret er ofte oppblåst og har ei spesiell vond lukt. I Noreg er bråsjuke ein sjeldan sjukdom, men i enkelte nedbørsrike

distrikt kan ein få problem på unge velfødde lam, ofte i etterkant av ei frostnatt om hausten.

Vaksinering mot klostridieinfeksjonar

Sjukdommen pulpanyre er hovudårsaka til at dei fleste vaksinerer flokken sin. Ved å vaksinere søyene blir lamma beskytta etter opptak av immunstoff frå råmjølka. Dette gjev lammet ein passiv immunitet. Lammet har altså ikkje sjølv opparbeida immuniteten, og vil difor berre vera beskytta så lenge det framleis har antistoff frå mora. Denne passive immuniteten frå klostridievaksinene vil vare i 8 til 12 veker.

For at den passive immuniteten skal vera tilstrekkeleg til å beskytte lamma mot sjukdom, er det ein del faktorar som er avgjerande:

- **Søya må vera vaksinert på passende tidspunkt i forhold til lamminga.** I etterkant av ein vaksine vil produksjonen av antistoff gradvis stige før den så fell att. For å oppnå høge nivå av antistoff i mjølka ønskjer ein å vaksinere på eit tidspunkt som gjer at denne toppen i antistoff kjem rundt fødsel. Optimalt vaksinerings-tidspunkt vil variere noko med kva for ei vaksine som blir nytta, men generelt sett vil 2 til 6 veker før lamming vera eit passende tidspunkt for vaksiner.
- **Søya må ha hatt ein tilstrekkeleg immunrespons på vaksinen** for at antistoffnivåa i råmjølka skal vera tilstrekkeleg beskyttande for lammet. For å oppnå dette bør ein



Enkelte flokkar kan få problem med klostridieinfeksjonar på haustbeite. For desse anbefaler ein å vaksinere lamma når dei kjem heim på hausten. (Foto: Grethe Ringdal)

gje to injeksjonar til søyer som ikkje er vaksinert tidlegare. Dette er grunnen til at livlamma bør vaksineras både om hausten og i passande tid før lamming.

- **Lamma må ha fått tilstrekkeleg mengde råmjølk i rett tid etter lamming.**

Klostridieinfeksjonar er ikkje eit stort problem på fjellbeite. Når lamma kjem heim frå utmarksbeite er det derimot fleire forhold som er disponerande: Lamma har ikkje lengre att antistoff frå råmjølka, flytting av dyra gjev eit brått forskifte og dyra blir ofte føra kraftig for å sikre god vekst. Enkelte flokkar vil difor kunne få problem med pulpanyre på haustbeite, og for desse flokkane anbefaler ein å vaksinere lamma når dei kjem heim på hausten. Det er sjølvsagt også viktig å gjere all endring i beitetilgang og føring så gradvis som mogleg.


Av Åshild Øritsland Våge
Helsetjenesten for sau

STREKKMETALL

Løst eller på selvbærende ramme

Gunstige priser!
Be om tilbud.

- Strekkmetallrister
- Innredninger
- Ferister
- Drikkerenner



Navn:

Adresse:

Tlf.:



Sogneprodukter

6891 VIK I SOGN

Tlf. 57 69 83 40 · Fax 57 69 83 49 · www.sopro.no